# Julegaven.

Det var julekveld. Utenfor gammen kvein vinden forbi og hvirvlet den løse snøen til fokk over vidda. I mørket og uværet liknet den lille torvgammen mest av alt en stor stein der den lå innunder berghammeren, i ly for storm og godt skjult for speidende ariske øyne.

De tre som satt rundt ildstedet snakket nesten ikke. Bare nå og da fant et lite ord vegen over leppene og fikk minnene til å sige dobbelt sterkt inn på dem. Det var gått nesten to måneder siden den triste høstdagen da de så heimene sine nede i dalen gå opp i flammer. Da det kom ordre om evakuering, var Knut, Ivar og Liv blitt enig om å dra til fjells og forsøke å ta seg fram over grensen til Sverige. Knut og Ivar var nesten jamngamle, begge 22 år, mens Liv bare var 18. Ivar og Liv hadde ingen foreldre, faren var blitt skutt av tyskerne, og mor deres tok seg så nær av det at hun døde noen få dager etter.

Det var en trist julekveld for de tre vennene. Uværet hadde hindret dem fra å komme over grensen, så da de fant den forlatte gammen, hadde de takket Gud og slått seg ned der. De hadde funnet en del tørret reinkjøtt og noen bokser hermetikk som de hadde levd på etter at deres egen mat hadde sluppet opp, men nå var de siste restene fortært uten at de hadde noen sjanse til å skaffe seg noe mer. Sulten ble mer og mer merkbar, men det var ikke noe å gjøre med det. De husket med vemod tidligere julekvelder med julebord som bugnet av alle sorter kaker, deilig sjokolade og dampende risengrøt. Riktignok var det noen år siden bordene var s å veldekket, men likevel var det ikke lenger siden enn at de husket det så godt, at det fikk magene til å føles dobbelt tomme. Tause satt de og stirret inn i flammene mens tankene gikk til slekt og venner som var spredd for alle vinder, — og mot framtida. Den syntes å være alt annet enn lys. — Uten mat inne på den øde vidda, med mange endeløse mil mellom dem og andre mennesker, var de dømt til undergang dersom det ikke hendte et under.

Knut var den første som brøt tausheten. «Rart å tenke på», sa han, «at det ikke skal bli noen jul for oss i år, og kanskje ikke siden heller». «Ja», fortsatte Liv da Knut tidde, «i år blir det ikke noe juletre og ingen julegaver». «Nei», sa Knut liksom for seg selv, «i år blir det ingen julegaver». Så ble det stille igjen inne i gammen. Bare ilden rørte nå og da på seg og flammet opp, og sprakingen i den tørre veden lød som børseskott i stillheten mellom torvveggene. Ute hadde uværet stilnet for første gang på uker, uten at noen av de tre hadde merket det.

Et par kilometer borte strevde to reinsdyr med pulker og kjørekarer seg fram over vidda. Farten var ganske god selv om nysnøen på skaren var til litt ulempe for reinene. Jon-Ante Siri og Nilas Hætta hadde det travelt, de skulle nå langt den natten, og for dem betød ikke jula så mye. Helt inn i Sverige skulle de for å hente noen nødvendige ting. De visste av den lille gammen under berghammeren, og planen deres var å raste der før de dro videre. Da de nærmet seg gammen, ble de snart klar over at der hadde vært folk ganske nylig, så de stoppet reinene og speidet forsiktig bortover. Mest trulig var det vel at det var tyskere som hadde vært der, og høvde det godt, var de der ennå. Det passet ikke med de to karenes planer å bli stoppet og kontrollert av tyskerne, det kunne lett få uheldige følger. Derfor snudde de reinene og nærmet seg gammen fra en annen kant, hvor de lettere kunne komme nær den uten å bli sett.

I mellomtiden var de tre i gammen blitt var at stormen hadde stilnet, og Ivar åpnet døra for å se. Vidda lå kvit og uskyldsren i måneskinnet så langt øyet kunne se. Ivar skulle akkurat til å gå inn og fortelle den gledelige nyheten til de to andre, da han mer ante enn så noen mørke prikker som beveget seg et stykke borte. Stiv ble han stående og stirre bortover. Hva kunne det være? En tysk patrulje? Ulv? Eller kanskje det kunne være —? Fort gikk han inn og satte Liv og Knut inn i situasjonen, og de ble enige om å undersøke saken nærmere. De kunne ikke la en eneste sjanse til å komme seg ut av den elendige stillinga de var i gå fra seg. Knut og Ivar spente på seg skiene sine og pigget bortover. De kunne ikke se noe til de mystiske prikkene mer, men de antok at de var kommet i ly av en bakkekam.

Da Jon-Ante og Nilas ble oppmerksom på de to skiløperne, dro de fram «kragene» sine, løsnet sikringene og belaget seg på en dyst. Men da de så at skiløperne ikke bar våpen, senket de geværene, stoppet reinene og ga seg til å vente.

* * *

Noen timer seinere satt de tre vennene rundt ildstedet i ei lita fjellstue omkring fem mil nordvest for Karesuando. De snakket fremdeles like lite som da de satt rundt varmen i den lille torvgammen, men nå var årsaken den at de hadde det altfor travelt med å ta for seg av den herlige maten



1949

som var i fjellstua, til at de skulle hefte seg bort med å prate. Nilas og Jon-Ante var kjørt østover til en sameleir som lå ca. en mil borte, etter at de hadde sett de tre vel inne i fjellstua. Men de hadde lovet å gjøre det de kunne for å skaffe dem skyss videre. De to sameguttene ba dem å hvile seg i fjellstua til neste dag, for da, antok de, ville de tre flyktningene bli hentet med rein og kjørt fram til Karesuando.

Da de alle var gode og mette, krøp de ned i soveposene sine, men før de sovnet, hørte Knut og Ivar et trett, men lykkelig sukk fra dypet av Livs sovepose: «Takk Gud! — så ble det da julegave i år også!»

*Idar Kristiansen.*

———o———

# HO LÆRDE MEG NOKO

Ein strålande klår haustdag kom eg til ei lita, vakker bygd ved ei av dei store elvane i indre Finnmark. Kor vakkert der var! Bjørkeskogen kledd i haustdrakt, fjellet med sin underlege dåm av fiolett og grønt, elva som slyngde seg lik eit glitrande band av sylv gjennom landskapet, og over det heile ein blå, kald himmel. Spreidde langs elvemælen låg husa, nye etter brannen, medan gammene låg lunare oppe i lia. Sola sende gjevmild strålane sine nedover landskapet, men dei åtte ikkje lenger nokon varme. Det ånda av fred og stille.

Etter kvart som vi kom framom husa og gammene, såg vi bak glasa nyfikne barneandlet. Desse borna skulle eg då stella med eit heilt år. Var dei forvitne, så var eg det ikkje minder.

Dagen kom då vi møttes i skulestova, 20 stykkje i fyrste klasse. Sume hadde gått eit år før og var kjende, andre kom dit for første gong. Det var ikkje så farleg så lenge dei fekk halda mor eller far i handa. Verre vart det då dei vaksne var ferdige med sitt og gjekk sin veg, medan dei små vart att åleine med alt dette nye. Dei sat der forundra, forvitne, spente og høgtidsame.

Då, medan vi prata hyggjeleg med kvarandre, var det eg fekk auga på henne. Ho sat der med skjelvande hender, musklane i spenn og angsten lysande or dei store, svarte augo. Det gjekk i meg då eg såg denne redsla. Kvifor? vart det store spørsmålet. Eg smilte og sa noko til henne. Då vart augo endå større og svartare, sveiten kraup fram på panne og nase medan ho kviskra kjøvd: «Ikke». — Då med eitt skjøna eg. Ho visste ikkje kva eg sa. Eg tala ikkje noko meir til henne den dagen, berre smilte, når eg gjekk forbi.

Så snart skulen var slutt den dagen, spurde eg meg føre om Marie, som gjenta heitte. Eg fekk då vita at dei var ein stor syskenflokk, og at mor hennar var enkje. Faren vart sprengd i lufta då han ein dag etter brenninga sat og tukla med ein granat. Mora var finsk same og hadde gått på finsk skule, så ho tala berre samisk og finsk, ikkje norsk. Marie og syskena hennar heldt seg for seg sjølve, var lite eller inkje saman med andre born og høyrde dermed heller sjeldan norsk. Marie var vel 8 år gamal. Året før hadde ho møtt fram på skulen, men lærarinna, vel 60 år gamal, hadde sagt at det var betre ho venta eit år med å byrja på skulen, og så heller lærde seg noko norsk det året. Neste år kom ho att, og då var det eg møtte denne vakre, men livande redde gjenta.

I førstninga visste eg ikkje kva eg skulle gripa til. Men det vart snart klårt for meg at det ikkje nytta å få lært henne noko. Det ho trengde var framom alt godhug og kjærleik. Eg vart gla i henne på ein serskild måte alt fyrste dagen, og lova med meg sjølv å gjera mitt beste for at ho ein dag skulle kunne verta fri og glad som jamnaldringane hennar.

Den fyrste vansken i dette arbeidet var skulekameratane. Korleis dei ville ta imot henne hadde mest alt å seia. Det var underleg å sjå korleis gjentene gjorde sitt beste for at Marie skulle trivast saman med dei. Dei ville ha henne med i leiken, men Marie torde ikkje. Ho trakk seg inn i seg sjølv, vart stiv, ho smilte, men munnen skalv og gråten låg på lur attom. Dei andre leika vidare, men smilte ofte bort til Marie, der ho sto for seg sjølv klemd inn åt veggen.

I skulearbeidet elles merka eg at Marie fylgde godt med, men eg torde ikkje spørja om noko. Eg gjorde det nokre gonger, men då kom ho fram att, denne ville redsla som gjorde at ho ikkje kunne få sagt noko om ho elles visste kva ho skulle seia.

Men etter som dagane gjekk, hende det at Marie